



LESJA KOMMUNE - KONTROLLUTVALGET

MØTEBOK - PROTOKOLL

Utvalg/styre råd:	Møtedato:	Innkalling av:	Møtested:
Kontrollutvalget	25 september 2019	16. september 2019	Lesja kommunehus

Til stede på møtet:

Av i alt 5 medlemmar var 4 til stades. Av disse er 3 faste medlemmar.

Innlandet Revisjon IKS:

Administrasjonen:

Møtet varte fra kl. 10:00 til kl. 13:00


Underskrifter:

Vi bekrefter med våre underskrifter at det som er ført på sak nr. 14-21/19 er i samsvar med møtevedtaka.


Thor G. Holager


Bengt Olov Flagestad


Per Holseth


Oddvar Romundset

Utskrifter:

Protokoll fra kontrollutvalgets møte går til:

- Medlemmene og varamedlemmene av kontrollutvalget.
- Lesja kommune, rådmannen og ordføreren i Lesja.
- Innlandet Revisjon IKS
- Presse

Møteinnkalling/sakliste/protokoll fra siste møte:

Kontrollutvalet hadde ingen kommentar til innkalling, sakliste og protokoll frå førre møtet.

Sak nr. 21/19 vart utdelt i møtet.



LESJA KOMMUNE KONTROLLUTVALGET

MØTEBOK

Kontrollutvalget i Lesja	Møtedato: 25. september 2019	Saksnr: 14/2019
	Saksbehandler:	Morten Sørhage

Vedlegg:

Utkast til oppdragsavtale mellom kontrollutvalet i Lesja og Innlandet Revisjon IKS

OPPDRAGSAVTALE MED INNLANDET REVISJON IKS

Hovudansvaret for revisjonsordninga ligg til kommunestyret. Kontrollutvalet har tilsyn med utføringa av revisjonen og fylgjer opp tenestene. I samband med dette ligg føre oppdragsavtale som formaliserer tenesteytinga. Avtalen fornyast årleg. I hovudtrekk omfattast:

- Økonomi – betaling for tenestene
- Dialog og rapportering kontrollutval – revisjon

Revisor har lagt til grunn oppdragsavtalen 2019 med endringar etter den nye kommunelova. Forvaltningsrevisjon er på bakgrunn av dette kalkulert til eit arbeidsomfang på 82 timar – vel kr. 89 000.

Forslag til oppdragsavtale utgjer kr. 602 511.

Vurdering:

Forslaget er i tråd med føringane som vart lagt i handsaminga av oppdragsavtalen 2019. Ei ramme til bestilte tenester vil dekke kostnader til eit mindre prosjekt/undersøkjing, som ikkje omfattast av reglane for forvaltningsrevisjon.

Eit anna alternativ er eit felles prosjekt på regionnivå. Det er da naudsynt med same prosjektet i dei seks kommunane. I utgangspunktet er ein fullstendig forvaltningsrevisjon stipulert til kostnad mellom kr. 250 – 300 000. Ramma i oppdragsavtalen vil dekkja Lesjas del av dette. (Ein sjettedel)

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner oppdragsavtalen med Innlandet Revisjon IKS med ei kostnadsramme på kr. 602 511.

Handsaming:

Kontrollutvalet gjekk gjennom avtalen og drøfta forskjellige høve.

Vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner oppdragsavtalen med Innlandet Revisjon IKS med ei kostnadsramme på kr. 602 511.



LESJA KOMMUNE – KONTROLLUTVALGET

MØTEBOK

Kontrollutvalget i Lesja	Møtedato: 25. september 2019	Saksnr: 15/19
	Saksbehandler: Morten Sørhage	

Vedlegg:

Oppdragsavtale for Innlandet Revisjon IKS

Budsjettvedtak i styret for SKNG

BUDSJETT 2020 – KONTROLL I LESJA KOMMUNE

Saksframstilling:

Etter Forskrift om kontrollutvalg § 18 skal kontrollutvalet utarbeide forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Kommunestyret skal vedta eit samla budsjett for utgifter til kontrollutvalget, sekretærbistand og revisjon. Forslaget til budsjett skal **uendra** leggjast ved innstillinga formannskapet har til kommunestyret, slik at dette forslaget er kjent for kommunestyret når totalbudsjettet skal handsamast. Formannskapet kan likevel foreslå et lågare beløp i samla budsjett.

Det er berre kommunestyret som kan endra forslaget frå kontrollutvalet. Grunnen til at budsjettet for kontrollutvalet er i ei særstilling, er at utvalget skal være fritt og uavhengig av organa som utvalet skal kontrollere. Det er derfor uheldig om administrasjonen eller eit anna organ som kontrollutvalet skal kontrollere og føre tilsyn med får innverknad på budsjetttramma til tilsynsorganet.

Budsjettforslaget er delt inn i 3 hovudpunkt. Utgifter til revisjon, utgifter til sekretariat og kontrollutvalets egne utgifter (godtgjersle, kurs, reiseutgifter, andre møteutgifter m.m.).

Revisjonens budsjettforslag:

Innlandet Revisjon IKS har utforma oppdragsavtale for revisjonsarbeidet 2020. Denne er handsama i eigen sak nr. 14/2019, og må vurderast i samanheng med totalt budsjettforslag.

Sekretariatets budsjettforslag:

Kommunen deltek i det interkommunale samarbeidet Sekretariatet for kontrollutvala i Nord-Gudbrandsdal (SKNG). Styret i SKNG har handsama og godkjent budsjettet den 28. august 2018.

Kontrollutvalets arbeid:

Det er ein fordel at alle medlemmane og varamedlemmane i kontrollutvalget får nødvendig opplæring. I eit valår er det nye medlemmer, som gjer opplæring spesielt sentralt. I budsjettet er det teke høgde for at medlemmane deltek på ei av dei relevante konferansane. Organisasjonane NKRF (Norges kommunerevisorforbund) for og FKT (Forum for kontroll og tilsyn) arrangerar relevante konferansar i samanhengen.

Kontrollutvalet reknar med å ha om lag 5 møter i året.

Forslag til budsjett for kontrollutvalsmedlemmene:

- Møtegodtgjørelse	kr 50.000
- Tapt arbeidsfortjeneste	kr 25.000
- Arbeidsgiveravgift	kr 4.500
- Reiseutgifter KU-medlemmer	kr 10 000
- Møter, konferanser KU-medlemmer	kr 40.000
- FKT kontingent	kr. 3.500
- Møteutgifter (servering m.m.)	kr 4.000
- Uforutsette utgifter	kr 20.000
- Sum	kr 157.000

Generelt om budsjettet:

For å gje kontrollutvalet gode arbeidsvilkår må kommunestyret stille nødvendige ressursar til disposisjon. Kontrollutvalet skal gjennom budsjettet dekkje alle oppgåver innanfor arbeidsfeltet. Dette gjeld mellom anna regnskapsrevisjon, gjennomføring av forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Kontrollutvalet har eit på-sjå-ansvar av den økonomiske forvaltninga i kommunen. Det er viktig at budsjettet også tek høgde for uventa utgifter.

Kontrollutvalets har ansvar for å sørge for at alle arbeidsoppgåvene innanfor arbeidsfeltet blir gjennomført, og at dette skjer innanfor budsjetttrammene for kontrollarbeidet.

Rekneskapen for 2018 syner ein kostnad på kr. 736 736. Kostnaden var fakturert etter kostnadsfordeling i Nord-Gudbrandsdal kommunerevisjon.

Budsjett i inneværande år, 2019, er på kr. 838 156.

Kontrollutvalgets budsjettforslag for 2020:

Utgifter til revisjon	kr 602 511
Utgifter til kontrollutvalgssekretariat	kr 132 403
Utgifter til kontrollutvalgets medlemmer	kr 157 000
Samla budsjett kontrollarbeid 2020	Kr 891 914

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalget i Lesja kommune tilrår et samlet budsjett for kontroll for 2020 på **kr. 891 914.**

Handsaming:

Kontrollutvalet gjekk gjennom oppsettet.

Innstilling til kommunestyret:

Kontrollutvalget i Lesja kommune tilrår et samlet budsjett for kontroll for 2020 på **kr. 891 914.**



LESJA KOMMUNE KONTROLLUTVALGET

MØTEBOK

Kontrollutvalget i Lesja	Møtedato: 25. september 2019	Saksnr: 16/19
	Saksbehandler:	Morten Sørhage

Vedlegg:

Sak nr. 21/2019 Vågå kontrollutval

Informasjon om selskapskontroll – Innlandet Revisjon IKS

TILSETTING VED REGIONKONTORET

Vågå kontrollutval handsama 6. september 2019 varsel om tilsettingssak av dagleg leiar og prosjektleiar ved Regionkontoret.

Kontrollutvalet gjorde dette vedtaket:

- 1) *Kontrollutvalet bestiller ein gjennomgang av prosessen ved tilsetting av dagleg leiar og prosjektleiar.*
- 2) *Gjennomgangen blir utført av Innlandet Revisjon IKS*

Nord-Gudbrandsdal Regionråd og dermed regionkontoret er samarbeid mellom alle dei seks Norddalskommunane. Alle kontrollutvalsleiarane har vore fortløpande orientert om innspel i saken. Sjølv gjennomgangen av saken er bestilt av Vågå kontrollutval.

Innlandet Revisjon IKS vil utferda ein selskapskontroll i høve bestillinga. Da den er av felles interesse, blir rapporten lagt fram i dei andre utvala. Det er ikkje klårt kor omfattande utgreiinga og kostnadsbiletet blir.

Av di saka er av felles interesse meiner sekretær at utvalet vurderer kostnadsfordeling i dei seks deltakarkommunane.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

Handsaming:

Sekretær gjekk gjennom prosessen så langt og vurderte kostnadsspørsmålet i regionen.

Vedtak:

- 1) Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering
- 2) Lesja kommune dekkjer kostnad for ferdig rapport etter fordelingsnøkkel for SKNG



LESJA KOMMUNE KONTROLLUTVALGET

MØTEBOK

Kontrollutvalget i Lesja	Møtedato: 25. september 2019	Saksnr: 17/2019
	Saksbehandler:	Morten Sørhage

Vedlegg:
Tertialrapport 1/2018

INNLANDET REVISJON IKS – RAPPORT 1. TERTIAL 2019

Innlandet Revisjon IKS rapporterer etter oppdragsavtalen pr. tertial. Vedlagt oppstilling viser ressursbruken pr. 30/4 – 19, samt prognose for året 2019.

Forslag til vedtak:
Kontrollutvalet tek tertialrapport 1/2019 til orientering.

Handsaming:
Kontrollutvalet hadde ingen kommentar til opplysningane.

Vedtak:
Kontrollutvalet tek tertialrapport 1/2019 til orientering.



LESJA KOMMUNE KONTROLLUTVALGET

MØTEBOK

Kontrollutvalget i Lesja	Møtedato: 25. september 2019	Saksnr: 18/2019
	Saksbehandler:	Morten Sørhage

Vedlegg:

Årsrapport 2018 (eigen fil)

ORIENTERING OM EIDEFOSS AS

Etter kommunelovas § 77 nr. 5 skal kontrollutvalet påsjå at det blir ført kontroll med interessene kommuna har i selskap m.m. I samanheng med dette blir innkalling og referat frå styremøte oversendt frå selskapet. Kommunene Lesja, Dovre, Lom, Vågå og Sel har kvar 20 % aksjeandel i Eidefoss AS. Som ein avgrensa selskapskontroll blir kommunikasjonen samla og referert.

Sekretariatet har gjennom året motteke innkallingar til styrande organ og seinare protokoll/referat frå desse møta.

Årsrapporten 2018 ligg ved saksinnkallinga som eigen fil. Årsrekneskapen er revidert av Ernst & Young AS ved statsautorisert revisor Rune J. Baukhol. Revisor konkluderer at alle tilhøve omkring årsmeldinga og årsrekneskapen er i samsvar med lov og reglar som gjeld.

Selskapet eig 100 % av aksjene i Otta Biovarme AS og fører difor konsernrekneskap. Konsernet har etter skatt eit årsresultat på kr. 35 037 000. Overskotet i morselskapet utgjer kr. 35 242 000. Utbytte til eigarkommunane utgjer kr. 25 000 000.

Kontrollutvalet vurderer ut frå tilsendt informasjon om dei ynskjer ytterlegare orientering eller utgreiing av noko høve.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

Handsaming:

Kontrollutvalet hadde ingen kommentar til saka

Vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.



LESJA KOMMUNE KONTROLLUTVALGET

MØTEBOK

Kontrollutvalget i Lesja	Møtedato: 25. september 2019	Saksnr: 19/2019
	Saksbehandler:	Morten Sørhage

Vedlegg:

Årsmelding 2018 (eigen fil)

NORD-GUDBRANDSDAL RENOVASJONSSELSKAP IKS

Selskapet er eigd av dei seks Norddals-kommunane med ein ansvarleg kapital på kr. 700 000 fordelt etter folketal. Hovudoppgåva er innsamling, mottak og behandling av husholdningsavfall i eigarkommunene. Denne verksemda er lovpålagt. Selskapet er også engasjert i bedriftsmarknaden.

Rekneskapen er ført i Dovre kommune. Hovudtala syner:

Netto driftsresultat	– kr. 763 306
Overskot sjølvkostberekning	– kr. 251 095
Overskot bedriftsområdet	- kr. 523 211

Kontrollutvalet går gjennom informasjonen og gjer vurdering om de ynskjer ytterlegare utreiing om noko høve i selskapet.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek årsmelding 2018 for NGR til orientering.

Handsaming:

Kontrollutvalet drøfta forskjellige høve i selskapet og årsmeldinga, men har ingen spesielle kommentarar til opplysningane.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek årsmelding 2018 for NGR til orientering.



LESJA KOMMUNE KONTROLLUTVALGET

MØTEBOK

Kontrollutvalget i Lesja	Møtedato: 25. september 2019	Saksnr: 20/2019
	Saksbehandler:	Morten Sørhage

Vedlegg:

Årsmelding og årsrekneskap (eigen fil)

REGIONRÅDET FOR NORD-GUDBRANDSDAL – ÅRSMELDING 2018

Årsmeldinga beskriv verksemda fordelt på desse områda:

- Næringsutvikling
- Samferdsel
- Attraktivitet og samfunnsutvikling
- Ung i Nord-Gudbrandsdalen
- Kompetanse
- Regionalt samarbeid

Rekneskapen er ferdigstilt av Snøhetta Regnskap AS og revidert av Ernst & Young AS. Totale driftsinntekter utgjør kr. 6 281 057. Dette utgjør kontingentar og tilskot. Frå dei seks Norddalskommunane utgjør driftstilskotet kr. 1 700 000. Halvparten av driftstilskotet blir jamt fordelt mellom kommunene. Den andre halvparten er berekna etter folketal. Lesjas del utgjør kr. 242 622.

Bundne driftsfond utgjør kr. 7 145 081. Disposisjonsfondet utgjør kr. 3 566 749.

Kontrollutvalet vurderer ut frå tilsendt informasjon om dei ynskjer ytterlegare orientering eller utgreiing av noko høve.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

Handsaming:

Drøfta forskjellige høve ved årsmeldinga, men har ingen spesielle kommentarar til saka.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.



LESJA KOMMUNE KONTROLLUTVALGET

MØTEBOK

Kontrollutvalget i Lesja	Møtedato: 25. september 2019	Saksnr: 21/2019
	Saksbehandler:	Morten Sørhage

Vedlegg:
Tertialrapport 1/2018

INNLANDET REVISJON IKS – RAPPORT 2. TERTIAL 2019

Innlandet Revisjon IKS rapporterer etter oppdragsavtalen pr. tertial. Vedlagt oppstilling viser ressursbruken pr. 31/8 – 19, samt prognose for året 2019.

Forslag til vedtak:
Kontrollutvalet tek tertialrapport 2/2019 til orientering.

Handsaming:
Saka vart handsama saman med sak nr. 17/19 – tertialrapport 1/2019. Kontrollutvalet hadde ingen kommentar til opplysningane.

Vedtak:
Kontrollutvalet tek tertialrapport 2/2019 til orientering.